

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 05.03.2025

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette på vegner av Sp, A, KrF, MDG, V, SV, H, UA fram slikt forslag:

A. «Alternativ punkt 1

1. Vestland fylkeskommune er generelt positive til bygging av ny fornybar energi der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivaretakne. Auka effekt og oppgradering av vasskraftanlegg er også positivt dersom ein kan oppnå auka kraftproduksjon eller betre utnytting av eksisterande anlegg samstundes som ein ivaretak natur og arealområda. I dette prosjektet aukar ein effekten monaleg med 665MW. Auka bruttoproduksjon er oppgjeve til 800 GWh, medan dei ikkje kjem klårt fram om prosjektet gjev ny nettoproduksjon, og i tilfelle kor mykje. Vestland fylkeskommune meiner dette er eit vesentleg moment som skjerpar vektinga av natur og miljøområda då samfunnet ikkje får tilgang til auka nettoproduksjon.

2. Vestland Fylkeskommune meiner konsekvensane for villrein blir for store. Vi vurderer, ut frå søknaden og dagens kunnskapsgrunnlag, at Røldal 2 og Novla 2 pumpekraftverk kjem i konflikt med tiltaksplanar for to villreinområde og nasjonale mål for villreinen, og fremjar motsegn mot desse. Vi viser òg til naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning, og til § 4 om forvaltningsmål for naturtypar og økosystem og § 5 om forvaltningsmål for artar, i den same lova. Dersom det vedtakast eit manøvreringsreglement som gjer at villreinen framleis kan nytta Holmavatnet som trekkpassasje og beiteområde, og Votna som trekkområde på vinteren, vil fylkeskommunen sitt motsegn falle bort.

Tiltak som kan betre trekkvegane eller redusere den samla belastninga for villrein, bør ha høg prioritet i revisjonen av Røldal-Suldal-reguleringa. Vi støttar forslag i konsekvensutgreiinga (KU) om å regulere ferdsel på anleggsvegar i reguleringsområdet, i samråd med regional og lokal villreinforvaltning.

Ut frå ei samla vurdering rår Vestlandfylkeskommune frå at det vert gitt konsesjon for pumpekraftverk og viser til Ullensvang kommune sin uttale i saka.

B. «Tillegg - nytt punkt 6

Kommunar og fylkeskommunar i utbyggingsområdet må sikrast god og langvarig økonomisk utteljing av kraftproduksjon.»

Renate Møgster Klepsvik (FrP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ – fylkesdirektøren sitt opphavlege forslag:

1. Fylkesutvalet ser generelt positivt på tiltak om pumpekraftverk i Røldal-Suldal, men meiner konsekvensane for villrein ved tiltaka knytt til Votna og Holmavatnet kan verte for store, og fremjar motsegn mot pumpekraftverk for Votna og Holmavatn. Dersom det vedtakast eit manøvreringsreglement som gjer at villreinen framleis kan nytta Holmavatnet som trekkpassasje og beiteområde, og Votna som trekkområde på vinteren, vil fylkeskommunen sitt motsegn falle bort.

2. Reviderte konsesjonsvilkår kan medføre nye terrengeinngrep og det må såleis takast inn i reviderte vilkår til tilhøvet til automatisk freda og kulturminne under vatn må avklarast jf. kulturminnelova §9 før anleggsstart for eventuelle nye tiltak.

3. Vi ber om at det setjast inn i reviderte vilkår at Vestland fylkeskommune kontaktast før eventuelle planlagde nedtappingar/særleg låg vasstand, slik at tidlegare registrerte kulturminne kan tilstandsregisterast og kartfestast.

4. I konsesjon for nye tiltak må det setjast vilkår om at undersøkingsplikt må oppfyllast og tilhøvet til automatisk freda og kulturminne under vatn må avklarast jf. kulturminnelova §9 før anleggsstart.

5. Eventuelle anleggsperiodar bør planleggast på ein slik måte at ein reduserer negative konsekvensar for friluftsliv. Stiar og turvegar som blir utilgjengeleg i anleggsperioden må skiltast om, og det må sør gast for trygg ferd sel forbi anlegga. Vi legg til grunn at utbyggar søker å tilbakeføre terreng til mest mogleg opphavelig tilstand etter avslutta anleggsperiode.»

Avrøysting

Handegard sitt forslag (A) vart vedteke mot ingen røyster for Klepsvik sitt forslag til punkt 1.

Klepsvik sitt forslag punkt 2 til punkt 5 vart samråystes vedteke.

Handegard sitt forslag (B) vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune er generelt positive til bygging av ny fornybar energi der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Auka effekt og oppgradering av vasskraftanlegg er også positivt dersom ein kan oppnå auka kraftproduksjon eller betre utnytting av eksisterande anlegg samstundes som ein ivaretek natur og arealomsyna. I dette prosjektet aukar ein effekten monaleg med 665MW. Auka bruttoproduksjon er oppgjeve til 800 GWh, medan dei ikkje kjem klårt fram om prosjektet gjev ny nettoproduksjon, og i tilfelle kor mykje. Vestland fylkeskommune meiner dette er eit vesentleg moment som skjerpar vektinga av natur og miljøomsyn då samfunnet ikkje får tilgang til auka nettoproduksjon.

2. Vestland Fylkeskommune meiner konsekvensane for villrein blir for store. Vi vurderer, ut frå søknaden og dagens kunnskapsgrunnlag, at Røldal 2 og Novla 2 pumpekraftverk kjem i konflikt med tiltaksplanar for to villreinområde og nasjonale mål for villreinen, og fremjar motsegn mot desse. Vi viser òg til naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning, og til § 4 om forvaltningsmål for naturtypar og økosystem og § 5 om forvaltningsmål for artar, i den same lova. Dersom det vedtakast eit manøvreringsreglement som gjer at villreinen framleis kan nytta Holmavatnet som trekkpassasje og beiteområde, og Votna som trekkområde på vinteren, vil fylkeskommunen sitt motsegn falle bort.

Tiltak som kan betre trekkvegane eller redusere den samla belastninga for villrein, bør ha høg prioritet i revisjonen av Røldal-Suldal-reguleringa. Vi støttar forslag i konsekvensutgreiinga (KU) om å regulere ferd sel på anleggsvegar i reguleringsområdet, i samråd med regional og lokal villreinforvaltning.

Ut frå ei samla vurdering rår Vestlandfylkeskommune frå at det vert gitt konsesjon for pumpekraftverk og viser til Ullensvang kommune sin uttale i saka.

3. Reviderte konsesjonsvilkår kan medføre nye terrengeinngrep og det må såleis takast inn i reviderte vilkår at tilhøvet til automatisk freda og kulturminne under vatn må avklarast jf. kulturminnelova §9 før anleggsstart for eventuelle nye tiltak.

4. Vi ber om at det setjast inn i reviderte vilkår at Vestland fylkeskommune kontaktast før eventuelle planlagde nedtappingar/særleg låg vasstand, slik at tidlegare registrerte kulturminne kan tilstandsregisterast og kartfestast.

5. I konsesjon for nye tiltak må det setjast vilkår om at undersøkingsplikt må oppfyllast og tilhøvet til automatisk freda og kulturminne under vatn må avklarast jf. kulturminnelova §9 før anleggsstart.

6. Eventuelle anleggsperiodar bør planleggast på ein slik måte at ein reduserer negative konsekvensar for friluftsliv. Stiar og turvegar som blir utilgjengeleg i anleggsperioden må skiltast om, og det må sør gast for trygg ferdsel forbi anlegga. Vi legg til grunn at utbyggjar søker å tilbakeføre terreng til mest mogleg opphaveleg tilstand etter avslutta anleggsperiode.

7. Kommunar og fylkeskommunar i utbyggingsområdet må sikrast god og langvarig økonomisk utteljing av kraftproduksjon.